

U2013

Ungdomsåret i Bjørgvin



Ungdomsåret i Bjørgvin 2013

Rapport



Innhald

Forord ved biskop Halvor Nordhaug	side 2
Bakgrunn og forarbeid	side 3
Promotering	side 4
U2013 prosjekt og arrangement	side 8
Ungdomsmånaden november	side 13
Kva har me lært i 2013?	side 14
Vegen vidare og nokre oppmodingar	side 15

Venner før livet
Joh. 15, 15

«Alt skjer før du blir 25»

Overskriften er selvfølgelig en overdrivelse av rang. Og likevel, dette er de avgjørende år!

Når et menneske er 25 er svært mye av grunnlaget lagt for verdier og livsanskuelse i voksenlivet. Hvis kirken vil vinne mennesker for evangeliet og for Guds rike, er det helt avgjørende at vi har kontakt med unge mennesker fra 15 år og det neste tiåret. Da er de gamle nok til å tenke og velge selvstendig, og unge nok til å tenke og velge nytt.

Alt skjer før du blir 25! Mennesker som gjennom hele voksenlivet har levd uten gudstro og uten bønn, vender seg sjeldent mot Gud når livskvelden kommer. Sporet er lagt gjennom et langt liv, og det blir som regel liggende. Det finnes unntak, det finnes mennesker som rett og slett omvender seg og blir kristne i moden alder. Men kanskje omvender de seg da tilbake til noe de møtte nettopp i de avgjørende ungdomsårene, i konfirmasjonsforberedelsene, i en kristen ungdomsklubb eller i et Ten Sing-kor. Det kan hende at frøene som da ble sådd først spiser sent. Men skal de spire, må de være sådd. Derfor er situasjonen for kirkens ungdomsarbeid helt avgjørende både for nåtiden og for fremtiden.

Så hvordan står det til? Delvis går det strålende. På landsbasis blir omrent to av tre 15-åringar kirkelig konfirmert. Noen steder i vårt bispedømme, og da særlig i Sogn og Fjordane, er prosentandelen godt over 90. Konfirmasjonstiden er fortsatt ett av folkekirkens sterkeste kort. Det skyldes først og fremst at menighetene driver et kjempegodt arbeid. Ryktet om en fin konfirmanttid sprer seg fra kull til kull. Som biskop er jeg stolt og glad over dette, og takknemlig overfor presster, kateketer og andre ansatte som sammen med et betydelig antall frivillige gir av sitt beste i møtet med 14- og 15-åringene.

Hadde vi spurta konfirmantene på vei ut av kirken i hvite kapper: «Vil du være en kristen?» så tror jeg at det store flertall ville svart «ja». Men etter at kappene er lagt av, ser vi dessverre lite til de fleste av dem. Det betyr ikke at de ikke lenger tror på Gud, men det er så mye annet som skjer. I de mest avgjørende årene,



Ungdomsbiskopen Halvor.

FOTO: LIV-HELGA H. FURE

mellan 15 og 25, er kontakten med kirken, for mange av kirkens medlemmer, på det svakeste. Det er en utvikling vi må ta på alvor. Utfordringen er å la ungdom få oppleve at kristen tro er på plussiden og gjør livet større og mer fargerikt – ikke mindre og gråere.

Kirkens nåtid og fremtid avgjøres i vårt møte, eller vårt manglende møte, med ungdom. De som er unge i dag har fått mindre kristelig bagasje med seg hjemmefra og fra skolen enn noen generasjon før dem. Da blir det enda viktigere hva vi har å gi dem i den lokale menigheten. Hvis ungdommer ikke opplever at kirken er relevant, vil de holde seg borte. Når de blir foreldre vil stadig flere av dem ikke bære sine barn til dåp. Dette er i dag folkekirkens største utfordring. *Derfor bestemte vi oss i Bjørgvin for å arrangere Ungdomsåret 2013!*

Noe av det første vi gjorde var å sikre oss en prosjektleader for dette året, Arnt Johan Vistnes. Det har vi ikke angret på! Han har gjort en kjempejobb, og det er også han som har skrevet dette heftet. Takk til Arnt Johan, og takk til alle andre i bispedømmet som var med og bidro til Ungdomsåret 2013! Sammen går vi videre.

Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin

RAPPORT UNGDOMSÅRET 2013

«Min forgjenger satset på å være biskop for barna, jeg vil satse på å være biskop for ungdommer»

Halvor Nordhaug etter å ha blitt vigsla til biskop i 2009.

Bakgrunn

Biskop Halvor Nordhaug starta si teneste som biskop i Bjørgvin, med å seia at han ville særleg vera biskop for ungdommar.

Ungdomsarbeid er ein av dei største utfordringane kyrkja har. Mange kyrkjelydar har vanskar med å få «sving» på ungdomssatsinga si, samstundes som dette er eit heilt avgjerande arbeid for kyrkja og kyrkjelydane si framtid og for rekrutteringa til kyrkjeleg teneste. Det er også avgjerande for ungdom sjølv, at dei får del i eit kyrkjeleg fellesskap, og får styrka den trua dei måtte ha.

Biskopen ville setja lys på denne utfordringa og oppmuntra kyrkjelydane til å bruka tid på ungdomsarbeid og utvikla tiltak for og med ungdom.

Bispedømerådet har hatt ungdom og gudsteneste som satsingsområde og for å konkretisera satsinga på ungdom sette biskopen året 2013 av til å vera Ungdomsår i Bjørgvin bispedøme.

Forarbeid

Våren 2012 vart underteikna, Arnt Johan Vistnes, engasjert som prosjektleiar for Ungdomsåret. Frå før hadde Bispedømerådet sendt ut ei høyring til kyrkjelydspedagogar og kateketar om kva eit Ungdomsår burde innehalde. Her kom det inn ein del forslag som vart samla inn i ein idébank.

For å få fleire til å tenka gode tankar om prosjektet vart det, hausten 2011 og våren 2012, arrangert fleire møte med ei referansegruppe som hadde representantar frå dei ulike kristne barne- og ungdomsorganisasjonane, NLA høgskulen og Ungdomsrådet i Bjørgvin bispedøme. Organisasjonane som var med var KFUK-M Bjørgvin og Sogn og Fjordane, NLM ung, NMSU, IMF ung, Acta, KRIK Hordaland, Ung Kirkessang. Einskilde ungdomsarbeidarar og ungdomsprestar var også med på desse møta.



Biskopen og ungdom i Førde i Sunnfjord.

FOTO: LIV-HELGA H. FURE

Ei prosjektgruppe

For å samla ideane og bestemma ei retning for Ungdomsåret vart det sett ned ei prosjektgruppe. Denne gruppa vart leia av prosjektleiar og hadde elles med biskopen, rådgjevar for trusopplæring: Liv-Helga H. Fure, Kristin Lødøen Hope, leiar for kyrkjefagavdelinga Tore Skjæveland, leiar for Ungdomsrådet Marianne Lauksund og kateket Marianne Bergsjø Gammelsæter. Kommunikasjonsrådgjevar Jens Meyer var sekretær for gruppa. Her vart det gjort vedtak på kva som skulle vera særlege tiltak og fokus i Ungdomsåret.

Lansering av Ungdomsåret 2013 - Prostiturné

For at Ungdomsåret skulle kunne lukkast måtte prosjektet lanserast for lokalt tilsette på ein god måte. På denne tida føregjekk arbeidet med gudstenestereform og trusopplæringsreform med høg intensitet og alle var, forståeleg nok, ikkje like tente på tanken på eit nytt prosjekt som kom «ovanifrå».

For å så tanken bak Ungdomsåret og inspirera lokalt tilsette blei det lagt opp til ein prostiturné der biskop saman med prosjektleiar og rådgjevarane Liv-Helga H. Fure og Kristin Lødøen Hope, møtte lokalt kyrkjeleg tilsette og frivillige på eitt av dei månadlege prostikonventa. Turneen starta, september 2012, i Nordfjord og enda opp i Hardanger og Voss prosti, 30.januar 2013. Her delte biskopen sin motivasjon og sitt motiv for å setje i gang eit ungdomsår.

Han la særleg vekt på følgande:

- Alderen 15-25 er dei viktigaste åra når det gjeld å bestemma verdiar og livssyn. I desse åra må kyrkja vera ein naturleg samtalepartner for unge menneske.
- Å satsa på ungdom er heilt essensielt for kyrkja sin vekst og rekruttering til kyrkjeleg teneste.
- Ungdom er kyrkje i dag og ikkje berre for framtida. Kyrkjelyden er ikkje heil utan at unge er med og er synlege i den lokale kyrkjelyden.

Etterpå la prosjekteigar fram programmet for ungdomsåret. Men det viktigaste med ungdomsåret var ikkje dei sentrale, einskilde ungdomsår-arrangementa, men kva som skjer lokalt i kvar kyrkjelyd og kvart prosti i møte med ungdom.

Kyrkjelydane sitt Ungdomsår

Biskopen og rådgjevararane hans kan ikkje setja opp ein plan for korleis kyrkjelydane skal driva sitt ungdomsarbeid. Saksessformelen er ulik frå stad til stad og utgangspunktet er svært varierande. Fokuset vårt har vore på å bidra med ressursar, synleggjera kva dei gjer andre stader og inspirera kyrkjelege stabar og sokneråd til å ha fokus på ungdom. Det var ikkje tanken at kyrkjelydane skulle laga planar og senda dei inn til godkjennning. Dette var året for å våga eit einsidig fokus på ungdom som kunne ha følgjer for åra som kjem. Ungdomsåret måtte heller ikkje berre sjåast på

Ungdomsgudsteneste i Eidfjord.



som noko på sida av arbeidet med trusopplæring og gudstenestereform. Kyrkjelydane bør tenka på ungdom i alt arbeidet sitt, og slik gjera arbeidet med ungdom til eit sentralt arbeid for kyrkjelyden.

På prostikonventa møtte særskilt prestane som var innkalla. Det var dessutan ein del andre kyrkjeleg tilsette der: Kateketar, kyrkjelydspedagogar, ungdomsarbeidarar, kantorar, diakonar, kyrkjeverjer, og nokre stader hadde også frivillige funne høve til å vera med. Desse samlingane vart godt mottekne og mange uttrykte at dette inspirerte til å setja i gang med ungdomssatting lokalt.

Promotering og mediastrategi

Nettsida www.ungibjorgvin.no

Me trengte ei nettsatsing for å gjera Ungdomsåret synleg i det daglege. I tillegg måtte me syta for omtale i media for at satsinga skulle vera synleg for folk.

Me laga nettsida; ungibjorgvin.no og ei eiga facebookside for Ungdomsåret.

Det sentrale med nettsida er ein *ungdomskalender* der alle arrangement for ungdom i Bjørgvin bispedøme kunne synleggjera. I tillegg ville me bruka nettsida og facebooksida til å omtala arrangement og aktuelle ting som hadde med ungdom og kyrkja å gjera. Denne nettsida er ikkje berre for ungdomsåret 2013, men tanken er at denne sida skal kunne fungera som ein informasjonskanal for kyrkjeleg ungdomsarbeid i Bjørgvin bispedøme, også i åra som kjem.

FOTO: LARS ERIK HELØ

På Facebook kunne me raskt legga ut bilete og rapport frå enkelt-arrangement. Her kunne me og laga hendingar som folk kunne sjå og dela andre sine hendingar. Ved avslutninga av Ungdomsåret har Facebooksida 280 «likes». Men på det meste har sakene der nådd ut til vel 1500.

U2013 i media

Når det gjeld tradisjonelle media har det vist seg vanskeleg å finna den gode journalistiske vinklinga som kunne gjera Ungdomsåret synleg også her. Me fekk overført Opningsgudstenesta, 13.01.13 i Bergen domkirke, på radio (NRK P1). Det er blitt gjennomført nokre avisintervju og vi har fått noko omtale i samband med nokre av ungdomsårprosjekta.

Me har hatt noko omtale i Vårt Land, Dagen og Bergens tidende, men i desse større avisene har det vore vanskeleg å nå gjennom. Det har derimot vore svært gledeleg å sjå at lokale aviser har vore til stades og gjeve brei omtale til lokale ungdomsårarrangement. På denne måten har Ungdomsåret fått ei god lokal forankring, om det ikkje har vore fullt så synleg i sentrale media.

Den lokale forankringa har òg vore svært viktig for at Ungdomsåret skulle lukkast.

Motto og Ikon for U2013

Ungdomsåret trengte eit motto som kunne gå som ein raud tråd gjennom året. Etter nokre diskusjonar i referansegruppa og prosjektgruppa kom me fram til mottoet: Venner for livet. For ungdom, veit me, at venner er viktig. Difor kunne vennemotivet vera ein

Kristus og abbed Mena. (C) RMN-GRAND PALAIS (MUSÉE DU LOUVRE)/ HERVÉ LEWANDOWSKI



god inngang til å snakka med ungdom om Jesus og fellesskapet i kyrkja:

- Me skal vera venner med kvarandre. Slik Jesus baud læresveinane å elsa kvarandre som sysken
- Jesus kallar oss sine venner: Joh. 15, 15
- Jesus er venn, ikkje berre for dette livet, men og for æva.
- Me er venner på livet si side. Me vil kjempa for rettferd i verda og verna om skaparverket.

Saman med dette mottoet passa det å ha ikonet «Jesus og hans venn», eit eldgammalt, koptisk ikon frå 600-talet. Dette ikonet syner Jesus og vennen hans, abbed Menas. Dei står side om side og Jesus har armen over skuldra til vennen sin. Dei går vegen saman.

Ungdom anno 2013 er kanskje ikkje på leit etter ein nådig Gud som kan gje dei forsoning og frelse. Men alle treng ein venn. Ein god venn kan du vere fortruleg med, og dela det som er vanskeleg og skamfullt i livet. Vennen Jesus tilgjev og reiser deg opp igjen og brukar aldri falla og svika dine mot deg. Ungdom må få møta Jesus som venn, før dei kan ta imot han som frelsar og forsonar.


Dette temaet har me opplevd at mange har tatt tak i og det har nok vore innhaldet i mange andaktar for Bjørgvinungdom i 2013.

Ressursar og hjelpemiddel

Frå bispedømekontoret si side ville me gjerne bidra med såkalla «ungdomsårseffekter» og konkrete peda-

Hettejakke med motto.

FOTO: LIV-HELGA H. FURE



gogiske hjelpemiddel som kunne brukast i Ungdomsåret.

Liv-Helga H. Fure laga logoen for Ungdomsåret. Me fekk laga t-skjorter, hettejakker, refleksar og nøkkelband med logoen på som skulle vera med på å synleggjera ungdomsåret. På hettejakkene og t-skjortene stod mottoet Venner for livet og det vart vist til bibelverset Joh, 15,15. Kyrkjelydane fekk brev om kvar dei kunne bestille desse effektane og gje dei vidare til sine ungdommar.

Det nye testamentet for U2013 og gripekors

Me ynskte og nokre effektar som hadde meir innhald i seg sjølve, effektar som gjorde det tydeleg for ungdommar at dei hadde motteke dette i ein kristen samanheng. Me bestilte difor inn gripekors og knytte dette opp mot bøn.


I avtale med Bibelselskapet fekk me òg trykt opp 3000 U2013-utgåver av Det nye testamentet, med vennskapsikonet på framsida. Biskopen skreiv forord til inspirasjon og vegleiing for lesaren.

Desse testamenta ville me gjerne at ungdommar som tok del i kyrkjelydane fekk. Anten dei var leiarar, med i styrer eller deltok på anna vis. Dei vart delte ut gratis til kyrkjelydane som hadde ungdommar å gje dei til. Vel 2000 slike NT vart delte ut i Ungdomsåret.

Bibelstudieheftet Opp-Ned

For å inspirera ungdom til å lesa meir i Bibelen treng vi noko meir. Det var difor svært gledeleg at prest Sindre Skeie, kyrkjelydspdagog Geir Endre Kristof-

Bibelstudieheftet OPP-NED. FOTO: ARNT JOHAN VISTNES



Prosjektleiar med U2013-NT.

FOTO: JENS MEYER

fersen og og lærar Joakim Stegen Tischendorf tok utfordringa frå biskopen og ville laga bibelstudieheftet Opp-Ned. Dette var noko heilt nytt som me kunne lansera på hausten i Ungdomsåret. Dette heftet har opplegg for åtte enkle samlingar med utgangspunkt i likningane til Jesus. Kyrkjelydane i Bjørgvin fekk kjøpa heftet til rabattert pris i høve Ungdomsåret. Håpet er at fleire kyrkjelydar vil starta bibelgruppe for ungdom. Det er gledeleg at fleire av kyrkjelydane allereie har bestilt dette heftet og har konkrete planar om å starte med slike samlingar.

Ungdomsårsbøna

Det vart laga ei eiga bøn til bruk i Ungdomsåret. Denne skulle kunne brukast både i gudstenester og andre samanhengar der ungdom samlast. Men den skulle også vera så enkel at ungdommane kunne læra ho utanåt og bruka den i eige bøneliv. Bøna vart difor trykt opp på eigne visittkort som vart delte ut saman med Det Nye testamentet og gripekors. Mange stader er denne bøna brukt i gudstenestene for å markera Ungdomsåret. Kor mange ungdommar som har teke ho i bruk i eige bøneliv er vanskeleg å måla, men mange har fått dette kortet med seg på Ungdomsårsarrangement.



Irene Bernhoft syng på opningsgudstenesta i Bergen domkyrkje.

FOTO: ANNE LINE KROKEN

Prosjekt i 2013

Opningsarrangement

Ungdomsåret vart offisielt opna 13. januar, 2013, med ei radiooverført gudsteneste frå domkyrkja i Bergen. Her deltok tre ungdomskor, band, to unge solistar og ein ung organist frå orgelklubben Ferdinand. Biskopen hadde preika. I tillegg var det ung deltaking med tekstlesing, forbøn og liturgiske handlingar. I benkane talde vi omlag 850 gudstenestedeltakrar.

Det var òg lokale opningsarrangement frå januar til

Bilete frå misjonsprosjektet «Steinarbeiderne i India».

FOTO FRÅ NORMISJON SINE HEIMESIDER.



og med februar, anten det var gudstenester, festivalar eller andre tiltak som markerte at Ungdomsåret 2013 var i gang.

Biskopen tok del på opningsgudsteneste i Erdal kyrkje på Askøy. Med lokale opningsarrangement fekk fleire kyrkjelydar høve til å setja sitt preg på Ungdomsåret og gjera kjent kva satsing som var i gang.

Me konkluderte med at det å ha eit sentralt opningsarrangement i tillegg til lokale arrangement var svært vellukka og at vi hadde fått ein god start på året på denne måten.

Misjonsprosjektet – «Gi steinarbeiderne et nytt liv og en fremtid»

Før ungdomsåret var i gang ville me lansera eit misjonsprosjekt som ungdom kunne engasjera seg i. Me sendte ut anbod på gode ungdomsprosjekt til alle organisasjonane knytt til Samarbeidsrådet for menighet og misjon i Bjørgvin (SMM) i tillegg til KFUK-KFUM Global og Kirkens Nødhjelp.

Det kom inn mange gode prosjekt og Ungdomsrådet i Bjørgvin bispedøme fekk i oppdrag å anbefala eitt av prosjekta. Valet fall på Normisjon og Acta sitt prosjekt «Steinarbeiderne i India.»

Prosjektet handlar om å hjelpe steinarbeidrarar



Torsdag kveld i St. Jakob.

FOTO: ARNT JOHAN VISTNES

(mange av dei ungdommar) som lever under slaveliknande forhold i India. Gjennom misjonsprosjektet får dei tilgang på verneutstyr, høve til utdanning, og ein veg ut av slaveriet for multinasjonale selskap som tyner ut jorda og lar dei arbeida under umenneskeleg forhold for svært låg løn.

Etter at valet av prosjekt var gjort, fekk me i stand eit samarbeid med Normisjon som laga informasjonsmateriell spesielt retta mot ungdom i Ungdomsåret 2013. Dei laga og ei eiga nettside: www.U2013.normisjon.no, kor me kunne sjå framdrifta i innsamla midlar. Målet var å skapa engasjement for misjon og bistand mellom ungdom lokalt, og at dei på tampen av året kunne melda seg som faste gjevarar i fastgjevarkonseptet Kompis. I dag er me usikre på kor mange ungdommar som har blitt engasjert av dette prosjektet, men mange kyrkjelydar har gjeve til prosjektet i takkoffer og det har blitt informert om misjonsprosjektet på alle ungdomsårrangementa. Biskop Halvor Nordhaug hadde også gavet til misjonsprosjektet som gaveynskje til sin 60 års dag i mars. Til dette vart det samla inn rundt 60 000 kr. Misjon er det likevel framleis krevjande å få ungdom engasjerte i. For å gjera ungdom meir medvitne om misjon, hadde me kanskje hatt bruk for eit eige misjonsår? Ungdomsåret har samla inn i underkant av 100.000 kr til prosjektet.

Ungdomsprosjektet St. Jakob - Ungdomskatedralen

I Ungdomsåret har Bergen domkirke menighet arbeidd med sitt store ungdomsprosjekt; Ungdomskatedralen St. Jakob. Kyrkja St. Jakob har i 2013 blitt bygd om til å vera ungdomskatedral. Her skal ungdom få utfolda seg kreativt på mange forskjellige måtar, det vil óg vera faste kveldar med gudstenester for unge vaksne (GUV) og taizébøner.

I ungdomsåret har me hatt ulike arrangement i Ungdomskatedralen; Ein politisk debatt om bønerom i skulen i samband med ungdomsleiarkonferansen på NLA. Her deltok ungdomspolitikarane i Hordaland saman med kristen og muslimsk ungdom og ungdom frå Humanetisk forbund.

Ungdomstinget 2013 vart halde her og me hadde avslutningsgudstenesta for Ungdomsåret i denne flotte kyrkja.

Målet med ein eigen ungdomskatedral har ikkje vore å laga ein eigen «ungdomskyrkjelyd», men me håpar at Ungdomskatedralen St. Jakob kan vera ein ressurs for kyrkjelydane i Bergen og i bispedømet. At ungdom kan reisa frå ulike stader i Bjørgvin og få med seg forestillingar, konserter, gudstenester, seminar og kurs.



Bømlo Tensing mottek frivilligprisen frå Sunnhordland prostiråd.

FOTO: SIGRID THEODORSEN LANGØY

Ungdomsårarrangement

Saman med organisasjonane i referansegruppa vart vi einige om at det var viktig at Ungdomsåret og biskopen var til stades på dei større, årlege arrangementa organisasjonane har for ungdom i bispedømet. Desse arrangementa samlar mange ungdommar frå store delar av bispedømet og er såleis ein god arena å få synleggjort bispedømet si satsing og samstundes løfte opp desse flotte arrangementa for fleire menneske i bispedømet, ved at biskopen var til stades og anbefalte til-taka.

Prosten i Sunnhordland si nyttårsmottaking

I Sunnhordland starta prost Svein Arne Theodorsen Ungdomsåret då han i si årlege nyttårsmottaking inviterte til samling rundt temaet Saman med ungdom i kyrkja. Her fekk Bømlo Tensing frivilligprisen. Det blei særleg lagt vekt på deira fokus på Ungt leiaransvar og vaksent nærvær. Bømlo ten-sing har no nærare 120 medlemmer og er i løpet av få år blitt eitt av dei største tensingkora i landet.

Vinterfestivalen på Voss og vintetreff i Stryn

Biskopen var i februar til stades på Bjørgvin KFUK-KFUM sin Vinterfestival på Voss, og KFUK-KFUM




Faksimile frå Fjordingen i forbindelse med KFUK-KFUM Sogn og Fjordane sitt Vintertreff i Stryn i februar.

Sogn og Fjordane sitt Vintertreff i Stryn. På Voss deltok biskopen med appell frå scena og hadde seminar om å halda andakt. I Stryn deltok biskopen med appell frå scena og var med og hadde avslutningsgudstesta i Nedstryn kyrkje. Biskopen fekk med stor begeistring oppleva mange engasjerte og positive ungdommar både frå scena og i miljøet rundt festivalane.

Konfirmantfestival på Bømlo

Biskopen tok del i Konfirmantfestivalen på Langevågstunet på Bømlo, kor det samstundes var opningsgudsteneste for Ungdomsåret. Her fekk han oppleva ungdom saman med konfirmantar frå heile Sunnhordland. Her var det vel 500 til stades.



Kjell Grønner mottek Johan Nordahl Brun-prisen.
Foto: LIV-HELGA H. FURE

Utdeling av Johan Nordahl Bruun-prisen til Kjell Grønner


I mars vart Johan Nordahl Brun-prisen utdelt til Kjell Grønner, tensingørsla sin far. Det han bygde opp på 60-talet har framleis store ringverknader for ungdomsarbeidet i bispedømet og i landet elles. Denne prisutdelinga gav òg eit positivt fokus på Ungdomsåret i media og Kjell Grønner nytta høvet til å snakka varmt om ungdomssatsing for framtida og dvelte ikkje ved slik det var før, i hans tid.

Taizétreff i Bergen

8.-10. mars var det Taizétreff i Bergen. Denne helga var det vel 100-150 ungdommar i domkyrkja samla til bønene, morgon, middag og kveld. Bønesamlingane vart leia av broder Stephen frå Taizéfellesskapet i Frankrike. Taizétreff er nok eit nytt konsept for dei fleste ungdommane på Vestlandet, men helga var vellukka med mange gode tilbakemeldingar. Her vart det óg endeleg beslutta at Halvor Nordhaug skulle reisa til Taizé med ei gruppe ungdommar frå Bjørgvin i august 2013.

Ungdomsleiarkonferansen «Følg meg!»

14.-15. mars vart ungdomsleiarkonferansen «Følg Meg!» arrangert. Dette var eit samarbeid mellom NLA og Bjørgvin bispedømeråd. Det var to dagar med føredrag og seminar for kyrkjeleg tilsette og andre som var engasjert i ungdomsarbeid. Vel 100 var påmeldte og tilbakemeldingane etterpå var i høgste grad positive. Deltakarane fekk oppleva føredrag om ungdom og sektskultur, ekstremisme, rapport om den psykiske helsetilstanden til ungdom i Hordaland. Det var seminar om ungdom og dataspel, ungdom og tv/film, ungdom og lovsong, ungdom og sex og Taizé for konfirmantar. I tillegg var det seminar om konfirmantar og gudsteneste.



Frå ei av Taizé-bønesamlingane.
Foto: ARNT JOHAN VISTNES

Loved – KonfCamp i Etne

I påska arrangerte Acta for første gong KonfCamp i Etne. I samband med Ungdomsåret fekk konfirmandar frå Bjørgvin først høve til å mælda seg på og nesten 200 konfirmantar fant vegen til Etne og var med på den aller første Loved KonfCamp. I strålande vèr fekk dei oppleva fantastiske dagar i Røldal skisenter, godt fellesskap og flotte bibeltimar. Her var òg biskopen med og halde gudsteneste på Palmesundag.

Ungdomsvandring Bergen og Kinn – Selje

I samband med Ungdomsåret og Seljunamesse blei det slått på stortromma og planlagt ein ungdomsvandring frå Bergen og Kinn til Selje. Målet var tre turar. To vandringssturar, ein hard og ein lettare frå Kinn til Selja og ein sykkeltur frå Bergen. Dette skulle vere frå 1.-7. juli.

Prosjektet fekk økonomisk støtte frå fleire hald, det var god mediaomtale og det var laga ei eiga facebook-side og plakatar og brosjyrar. Eit reiseselskap var med og la opp ruta med overnattingsstader. Knut Magne Nesse, prest i Kinn, var prosjektleiar for dette tiltaket og gjorde ein kjempeinnsats saman med folk frå Sunnfjord Folkehøgsskule.

Det viste seg likevel å vera vanskeleg å motivera ungdom til å bli med på ein slikt tur. Ein av grunnane kan vere at det var kostbart, ein annan kan vere at dette var noko nytt og ukjent som ingen hadde vore med på før. I mangel på påmeldingar vart prosjektet avlyst i 2013, men ein har håp om koma sterkare tilbake i 2014.

Ungdomsting og ungdomsdemokratiet

Ungdomsdemokratiet i Bjørgvin har over fleire år hatt lågt tal på delegatar på sine ungdomsting (UT). I 2012 var det berre 18 delegatar og det var store vanskar med

å få gjennomført val på nytt ungdomsråd. Men det var nokon som tok ansvar, stilte til val og i Ungdomsrådet tok dei tak i utfordringane med å nå ut med satsinga på ungdomsdemokrati til kyrkjelydane. Kvar og ein i Ungdomsrådet vart lokale prostikontaktar og i samband med Ungdomsåret fekk kanskje kyrkjelydane ekstra inspirasjon til å utfordra ungdommar til å reisa som delegatar. Resultatet var 40 delegatar på UT13, 19.-21. april. Temaet for UT13 var Venner for Livet. Dette kom fram i saker som Dialog, Ungdomsarbeid i bispedømet, Berekraftig liv, misjon og solidaritet. UT13 vart arrangert i Ungdomskatedralen St. Jakob. Det blei vald eit nytt ungdomsråd som arbeidar vidare med rekrytting til nytt ungdomsting i 2014. Ungdomskatedralen St. Jakob blir den nye faste arenaen for Ungdomsting i åra som kjem. Heile protokollen for UT13 kan lesast på www.kyrkja.no/bjorgvin.no

I oktober vart òg Ungdommens kyrkjemøte arrangert i Bergen, på Hotell Terminus. Her fekk me synleggjera Ungdomsåret og Ungdomskatedralen for ungdom frå alle bispedømer i landet. Og vår eigen leiar for ungdomsrådet i Bjørgvin, Nora Baartvedt frå Voss, vart valt som ein av UKM sine delegatar på Kyrkjemøtet 2014.

Tur til Taizé

11. august reiste biskop Halvor Nordhaug med 15 ungdommar frå Bjørgvin til Taizé i Frankrike. Dette var for å følge opp Taizétreffet som hadde vore i Bergen i mars. Det var òg for å la ungdom i Bjørgvin få

Ungdomsrådet i Bjørgvin. Frå venstre: Stine Vatne Hansen, Rikke Skaflestad, Tobias Apeland, Sandra Kristin Austgulen, Margrete Lauksund, Asgeir Almklov, Runar Larsen, Nora S. Baartvedt (leiar). FOTO: ARNT JOHAN VISTNES



oppleva Taizétradisjonen og kanskje ta desse opplevingane med seg heim og bruka det i ungdomsarbeidet lokalt.

Me hadde ikkje plass til fleire enn 15 ungdommar på denne turen, så alle som ville vera med måtte grunngje sin motivasjon for å reisa. Me trudde at mange ville melda seg på eit slikt flott tilbod. Me hadde høve til å sponsa flyreisa for deltakarane så kvar deltaar betalte ikkje meir enn kr 1500 for turen og ei vekes opphold i Taizé. Påmeldinga gjekk likevel sein.

Denne erfaringa saman med den manglande påmeldinga til Ungdomsvandringa kan tyda på at ungdom har vanskeleg for å berre å hiva seg på eit nytt prosjekt med eit opplegg dei ikkje kjenner godt til. Men turen var ein stor suksess. Ungdommane som var med sa dei ikkje ante kva dei hadde blitt med på, men var i løpet av dagane i Taizé blitt svært begeistra over å treffa kristen ungdom frå store delar av Europa og knytte nye vennskap. Bønene i Taizé med over 3000 ungdommar tilstades gjorde òg inntrykk.

Taizébøner

I forlenginga av Taizétreffet i Bergen og turen i august har det vore månadlege Taizébøner i Bergen. Dette har vore eit økumenisk prosjekt i samarbeid med St. Paul menighet, metodistkyrkja og pinsevenner i Bergen. Møtene har gått føre seg i Bergen domkirke, St. Paul kyrkje, og Johanneskirken. Dei skal òg etter kvart haldest i Ungdomskatedralen St. Jakob. Dialogprest Hildegunn Isaksen leiari arbeidet med desse samlingane.



Fra turen til Taize i august.

Stiftsmøtet i Ulvik 27.-29. august

I år var Ungdomsåret hovudtema for Stiftsmøtet. Det var særleg dag to som var sett av til Ungdomsåret.

Følgende føredrag vart halde:

- Følg med – ungdom som venn, bruk av sosiale medier
- Trygge rammer i ungdomsarbeidet
- Følg meg – Jesus som venn; «Jeg har en venn som har gitt sitt liv».

Seminar:

- Ungdom og gudsteneste
- Prosjektet konfirmasjonsundervisning for store og små kull.
- Leiakurs for ungdom.
- Om bibelstudieheftet Opp-Ned, ved forfattarane.
- Musikk og ungdom.

Dei kristne barne - og ungdomsorganisasjonane var særleg bedne om å stå på stand i løpet av dagane i Ulvik.

Pit Stop

Våren 2013 arrangerte Indremisjonsforbundet Ung (IMFU) Pit Stop i Bergen, med god deltaking. I haust vart dette arrangert på Stord i haustferieveka. Prosjektleiar for ungdomsåret fekk vera tilstade og hadde seminar om å vera kristen i kvardagen. Målgruppa var ungdom mellom 15 og 18 og vel 80 ungdommar var med og fekk med seg seminar og møter.

Kyrkjemusikkfestival for ungdom i Johanneskirken 2. november

I samband med det årlege Kirkeautunnale vart det lagt til rette for at Ung Kirkesang kunne arrangera ein eigen kyrkjemusikkfestival for ungdom i Johanneskirken. Her vart det framført to bestillingsverk av Ståle Storløkken og Ingrid Mostad Bråten og tilhøyrarane

fekk med seg kyrkjorgelet i samspel med rockeband. Orgelklubben Ferdinand bidrog med unge organistar og det var song av unge songarar frå Ung Kirkesang.

Ungdomsmånaden november

For at ikkje ungdomsåret berre skulle dabba av etter kvart som året ebba ut, så trenge me noko større å sjå fram til mot slutten av året. Difor vart det planlagt at november månad skulle vera sjølve Ungdomsmånaden. Her var tanken at kyrkjelydane sjølv skulle står for eller vera med på eit arrangement dei elles ikkje hadde hatt for ungdom.

Kvar kyrkjelyd var fri til å ha sitt eige ungdomsmånadarrangement , men me oppmoda også kyrkjelydane til samarbeid på tvers av soknegrensene og gjerne i prostiet dersom det lot seg gjera. Ungdomsmånadprosjektet fekk Ovf-støtte og prostane fekk 4500 kr kvar til disposisjon for å støtta arrangement i sitt prosti. Arrangørane sendte då søknad til prostane om å få ut desse midlane.

Frå bispedømekontoret vart det i oktober sendt ute ein questback som kyrkjelydane kunne fylla ut. Her svarte dei på om dei hadde noko ungdomsmånadarrangement for sine ungdommar. Om dei arrangerte sjølve eller var med på noko som andre arrangerte.

Desse tilbakemeldingane samla me og gjorde ungdomsmånadarrangementa synlege på vår nettside www.ungibjorgvin.no.

Håpet var at desse arrangementet blei gode erfaringar og kunne skapa nye tradisjonar lokalt. Både for nye arrangement og samarbeid.

Mange flotte arrangement i november

Etter at me har motteke rapport om arrangement som har vore eller som var under planlegging kan me seie at kreativiteten har vore stor og me har notert oss alt i frå dei tradisjonelle ungdomsgudstenestene og møtene til festivalar med seminar og show og konkurransar i salmesong. Særleg vil me nemna eit heilt nytt konsept i Lærdal: Her samarbeidde den lokale kyrkjelyden med Cirkus Agora om ei eiga Sirkusgudsteneste i Hauge kyrkje. I gudstenesta vart dei ulike liturgiske elementa understreka av akrobatikk i kyrkjerommet og sirkusdirektøren hadde preika i lag med sokneprest Helene Langeland.

I Vaksdal hadde dei Salmeslag der ungdommar konkurrerte om den beste framføringa av ei salme. I

Sogn blei prestane sett på skulebenken av 10. klasse singane for lærar om ungdomskultur. Det var ein heil dag med undervisning og quiz til slutt.



Stor stemning under Kyrkjemusikkfestivalen for ungdom i Johanneskirken.

FOTO: MARTA ØGAARD

Kvart prosti har hatt eitt eller fleire ungdomsmånad-arrangement og i følgje rapportar frå kyrkjelydane har 1700 ungdommar hatt glede av eit arrangement i ungdomsmånaden. Elles ser me at så nær samtlige er nøgde eller særsla nøgde med arrangementet sitt og mange vil prøve att i 2014.

Me fekk respons frå knappe 40 arrangement i bispedømet. Me veit likevel at det har føregått mykje meir for ungdom i ungdomsmånaden, så det gjev ikkje eit heilt reelt bilet av kor mykje som faktisk skjer. Mange har jamnlege arrangement som dei ikkje har knytta opp mot ungdomsmånaden. Men vel 40 prosent av dei meldte arrangementa hadde ikkje blitt arrangert om det ikkje var for ungdomsmånaden. Denne månaden har soleis vore til inspirasjon for fleire.

Avslutning for prosjektet U2013

Ungdomsåret kulminerte med den offisielle opninga av Ungdomskatedralen St. Jakob. 2. -8 desember. Ungdomsåret vart formelt avslutta med ei gudsteneste her 5. desember. Her deltok det ungdom med psykisk utviklingshemming frå klubben i Åsane saman med ungdom engasjert i St. Jakobsprosjektet. Ungdom frå FKU-Teknikk var med og filma så gudstenesta vart «streama» live på nettet og gjort tilgjengeleg for alle som ville få med seg avsluttinga av ungdomsåret. Eit oppslag av gudstenesta er tilgjengeleg på www.ungibjorgvin.no. Biskopen tala om temaet Venner for livet og vel 200 menneske var til stades i kyrkja.

Kva har me lært i 2013?

Kommunikasjon

For alle større prosjekt er kommunikasjon ei stor utfordring. Det har og vore tilfellet med Ungdomsåret 2013. Kven skulle me først og fremst kommunisera med? Direkte til ungdommane? Ungdomsleiarane? Tilsette som arbeider med ungdomsleiarar og ungdom? Me kunne ikkje ta på oss å laga ein god kommunikasjonsplattform direkte til ungdom. Det er mykje viktigare at lokalt tilsette og frivillige når ut til «sine ungdommar» enn at nokon på eit sentralt kontor gjer det. Vår kommunikasjon gjekk difor mest til kyrkjeleg tilsette som arbeider med ungdom.

Kommunikasjon inn og ut

Sjølv om me har epost og gode kontaktlinjer ut til alle tilsette så er likevel kommunikasjonen ei stor utfordring. Det har gått mykje tid med til å legge opp informasjonen på ein slik måte at det vart oppfatta og følgj opp lokalt. Det har gått mykje tid med til purring og spørja etter om meldingar er mottekne.

Å få informasjon inn går heller ikkje av seg sjølve. Denne utfordringa har og gjort sitt til at det har vore vanskeleg å ha føling med korleis ungdomsåret har arta seg lokalt. Har kyrkjelydane gripe det? Skjer det noko? Har U2013 gjort ein forskjell? Måten med å senda ut ein questback i samband med ungdomsmå-



Prestar kursa av 10. klassingar i ungdomskultur.

FOTO: EGON ASKVIK

naden har vore ein god erfaring på å få inn informasjon om kva som faktisk skjer rundt omkring. Men her og var det purring og påminningar som måtte til. Det er nok fleire gode arrangement som skjer, som me ikkje har fått informasjon om. Det å vera på Facebook og med jamne mellomrom, tråle lokale heimesider og facebooksider etter arrangement har vore opplysende.

Ungdom anno 2013

Korleis er det med ungdom i 2013? Utan å ha gjennomført ei undersøking, har me merka oss nokre ting: Mange erfarar at ungdom i dag er svært venlege, seriøse og fornuftige. Dei søker i større grad konsensus enn konflikt. Dei er opptekne av å ha gode verdiar og å ha gode fellesskap. Dette ser me samstundes som media har fleire saker der ungdom står fram som mobbeoffer. Digitale verkty har gjort at mobbing og negativt oppførsel har fått fleire arenaer å boltre seg på, men dette er altså ikkje heile forteljinga om korleis ungdom er. Me har opplevd at dei store gruppene av ungdom er svært opptekne av å ta vare på kvarandre og lyfta kvarandre opp. Dei er snare til å ta avstand frå mobbing og negativ åferd. Når det gjeld kristen tru så har ungdom mindre kunnskap enn før, men samstundes er dei meir opne og nysgjerrige for kristen forkynning fordi dette blir opplevd som noko nytt og spanande.

Ungdom og vaksne

Ungdom likar å vera i lag med vaksne. Vaksne må ikkje vera oppdaterte på kva ungdom likar og ikkje likar. Det er heller vaksne som vågar å vera nettopp vaksne i møte med ungdom det er stort behov for. Vaksne skapar tryggleik og bidreg med visdom i spørsmål som alle generasjonar vil vera opptekne av: Meiningsa med livet, identitet, vegval og utdanning, tru, von og kjærleik.

I ungdomsåret har me lagt vekt på å utfordra vaksne til å ta ansvar i ungdomsarbeid. Ikkje driva det, men vera til stades og tilgjengelege.

Vegen vidare og nokre oppmodingar

Om tiltaka i Ungdomsåret har virka konstruktivt på ungdomsarbeidet i bispedømet har me ikkje svaret på enno. Håpet er at kyrkjelydane held fram med å ta ungdomsarbeid på alvor og set av tid og ressursar på å utvikla ungdomssatsinga si. Noko av det som kan ha vore suksessformlane der ungdomsarbeid fungerar bra, kan me oppsummera på denne måten:

- God kontinuitet på leiarsida; Fokus på leiarstrening og at nye skal ta over ansvaret.
- Ugt leiaransvar og vaksent nærvær.
- Ungdomsarbeidet har eit innhald som er av ein viss substans og kan gje styrke for trua.
- Fokus på å ha gode, trygge fellesskap der deltakarane er inkluderte og kjennar kvarandre, samstundes som dei er opne for vekst og nye deltakarar.

Ungdomsåret 2013 var ikkje heile svaret på Bjørgvin bispedøme si ungdomssatsing. Bispedømet skal, også i år som kjem, kjennast att som eit bispedøme som tar unge menneske på alvor og som har ein biskop som ynskjer å lyfta fram ungdom i si teneste. Sjølv om ungdom ikkje er eit eige prosjekt i 2014 og år som kjem så må ungdom vera med i det me gjer. Anten me snakkar om arbeid med gudstenestene, uløna medarbeidarar, trusoplæring, eller anna sentralt kyrkjeleg arbeid så må ungdom vere langt framme i tankane til kyrkjeleg tilsette og valde medlemmer av sokneråd og bispedømeråd. Ungdom i Bjørgvin må vita at kyrkja har noko viktig på hjarta – som er viktig no, og ikkje berre når dei er komen opp i ein viss alder. Jesus Kristus skal vera venn for livet også i 2014, i år som kjem og for stadig nye generasjonar av unge menneske.

U2013 oppmodar kyrkjelydane om å halda oppe engasjementet som er blitt tent i 2013 og la dette vera ei god drivkraft for arbeidet vidare med ungdom i kyrkja. **U2013** oppmodar kyrkjelydane om å ta godt vare på ungdomsarbeidarne sine og ta dei på alvor som faglege ressursar i dei kyrkjelege stabane. **U2013** oppmodar kyrkjelydane om å styrka det jamne ungdomsarbeidet: Ungdomsklubben, ten-singkoret eller ungdomskoret, samtalegruppene og interessegruppene. Lat fellesskapet rundt desse arrangementa veksa og gro. Gjer ungdom bevisste på at dei er sentrale i kyrkjelyden og høyrer til som lem på lekamen. Hald fram med leiartrening, send ungdom på ungdomsting og lat dei engasjera seg i det kyrkjelege arbeidet. Lat dei få veksa i tru og i sitt forhold til Jesus Kristus som venn og frelsar.

*For Ungdomsåret 2013,
prosjektleiar Arnt Johan Vistnes*



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedøme

Ungdomsbøna

Kjære Gud! Takk for at Jesus er min venn!
La meg alltid huske det! Hjelp meg også å
vere venn med andre menneske og med jorda.
Amen

2013

Ungdomsåret i Bjørgvin